



Statens vegvesen

Morten Tveit
Reikeråsvegen 69
5913 EIKANGERVÅG

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
- 1. 04. 2014	
Ark. saknr.	L. saknr.
Saknr.	Tilgjengelig

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Roald Gulbrandsøy - 55516342

Vår referanse:
2014/037888-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
28.03.2014

Lindås kommune, gnr. 24, bnr. 3. Førehandstilsegn med krav til å byggje ny avkjørsle.

Vi syner til søknaden din dagsett 24.03.14.

Med heimel i veglova §§ 40-43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast bruksløyve til å leggje avkjørsle for landbruk under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg/stad: fv 397 hp 02 ved km 3,300/gnr. 24 bnr. 3 i Lindås kommune.

Vi gjer merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova og ikkje rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar.

Vi set følgjande krav:

1. Avkjørsla skal vere bygd av tiltakshavar og godkjent av Statens vegvesen innan 3 - tre år frå d.d., elles fell tilsegna bort. Kommunen skal ikkje gje igangsetjingsløyve utover naudsynt grunn- og murarbeid før endeleg godkjent avkjørsleløyve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27-4. Avkjørslepunkt med friskt skal opparbeidast som første arbeid, og det skal ikkje gjerast noko anna arbeid før dette er gjort.
2. Avkjørsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippsskisser og forskrift om alminnelege reglar om bygging og vedlikehald av avkjørsle frå offentleg veg, som ligg på lovdata.no
3. Avkjørsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre, som på ein naturleg måte kan nytte same avkjørsle.
4. Friskt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkjørsla skal vere minimum 60 meter til begge sider av køyrebanen. Sikta fram- og bakover på vegen ved avkjørsla må vere minimum 60 meter. Eventuelle planter o.l. i frisktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

5. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter).
6. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
7. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsonene.
8. Under avkøyrsla må det leggjast dreneringsrøyr med diameter minimum 300 mm og tilhøyrande kummar og køyresterk rist. Røyret for grøftevatn må vere langt nok, slik at sidearealet i avkøyrsla får eit fall på minimum 1:6.
9. Eksisterande avkøyrslle v/km 3,240 skal stengjast fysisk.
10. Før arbeid vert sett i gang på/ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til .

Ta kontakt med sakshandsamar dersom det er spørsmål i samband med opparbeiding av avkøyrsla.

Når avkøyrsla er opparbeidd etter krava, vert bruksløyve gjeve av Statens vegvesen ved at tiltakshavar tar kontakt med sakshandsamar.


Plan og forvaltning
Med helsing


Odd Høydalsvik
sjefingeniør


Roald Gulbrandsøy

2 vedlegg

Kopi: Lindås kommune.



53.7

50

54.0

FV 397

29/33

29/17

29/17

29/50

29/4

40.8

Stenges

Ny avkjørsel

24/3

24/3

24/3


24/42

24/42



28.03.2014
Målestokk 1:1000
Statens vegvesen


PRINSIPPSKISSE




Tilsvarende siktlegder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikhinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

Krav til svingradius for avkjørsla :



Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:



Rv/Fv :

Hp:

Km pel:

Stad:

Saksnr: 2014

037888-002